



# Ei helsing frå TBV

Meldingsblad frå Trygve Bjerkrheims venner  
nr.6 - mars 2011

## Bjerkrheim-kveldar med Sjaastad & Kor



Eспен Kvamme og Jo Sølve Dalane (t.h.).

**I vinter har det vorte sett fokus på Trygve Bjerkrheims (TBs) dikt- og songskatt gjennom tre timeslange songkveldar på austlandet: Frogner Misjonshus i februar, Kongsvinger Bedehus 13. mars og Ryenberget kirke 3. april.**

Tekst: Andreas Myklebust  
Foto: Egil Helland

Varta opp av meir enn 30 utøvarar fekk tilhørarane på Frogner ei musikalsk reise som streifa innom både kjent og mindre kjent. Dyktige musikarar, diktframføring og ein engasjert forteljar i Annlaug Vegge, losa salen gjennom TBs tidlege liv, hans mangfaldige arbeid og aller mest hans rike og evangeliske songskatt.

Programmet var sydd saman og leia av Egil Sjaastad - og starta med glimt frå barndomen i Bjerkreim med bøna om vekking og kampen for at Trygves far skulle bli omvendt. Sidan fylgde vi familien til Høland og Trygve inn i arbeid for Kinamisjonen.

Bente Mette Riise deklamerte dikt på ein flott måte gjennom programmet. Det var svært kjekt å ha både flinke musikarar og fleire nyskrivne korarrangement for anledninga.

Eit variert utval av solistar bidrog, m.a. vokalgruppa Quartz og systrene Ingrid Johansen

og Ann Kristin Horpestad. Kveldens yngste solist var Ida Marie Myklebust, 9 år gammal. Det var godt å bli mint om den store himmelen som TB hadde over sitt liv og songane han gav oss. Og heller ikkje vi kan «kome utanom Jesus» om vi vil nå inn til Livet.



Bente Mette Riise, opplesar



Egil Sjaastad i aksjon



Ida Marie Myklebust, yngste solist

### Velkommen til årsmøte i TBV

Hjertelig velkommen til årsmøte i Trygve Bjerkrheims venner (TBV) på Fjellhaug Skoler, Sinsenveien 25, Oslo, lørdag 9. april kl. 12.00, og bli med på festmøtet i Misjonssalen søndag 10. april kl. 11.00! Mer neste side.

### Ei helsing frå TBV

Trygve Bjerkrheims venner  
Meldingsblad nr 5 – mars 2010  
Opplag: 2000  
Redaktør: Kåre Ekroll – tlf.: 970 27 714  
E-post: kaare\_ekroll@yahoo.no

Innkalling og sakliste til årsmøtet i:

# Trygve Bjerkrheims venner - 2011

• **Velkommen til årsmøtet på Fjellhaug Skoler, Oslo, lørdag 9. april kl. 12.00**

• **Velkommen til festmøte i Misjonssalen søndag 10. april kl. 11.00**

**Vedlegg:**

- Innbydelse og sakliste trykkes her i bladet
- Årsmelding – egen trykksak som vedlegg
- Regnskap og revisjonsberetning – egen trykksak som vedlegg
- Hjertelig velkommen til årsmøtet for Trygve Bjerkrheims venner!

Vi håper at mange vil ta veien til årsmøtet og Fjellhaug Skoler, Sinsenveien 25, Oslo, lørdag 9. april kl. 12.00. Vi planlegger å være ferdig innen kl. 16.00.

**Kåseri:** I løpet av denne tiden vil vi først høre Harald Harstad kåsere: Onkel Trygve - slik jeg kjente ham

**Sang:** Gruppa Quartz og Charlotte Justnæs vil synge TB-sanger

**Dikt:** Inger Holter

**Middag og kaffe:** Det serveres middag og kaffe – kr 125 per stk.

**Innmelding:** Vi ber om innmelding til Guri Tulluan innen 31. mars – takk! Tlf.: 414 78 577 / 64 92 58 58. E-post: otulluan@nlm.no

## Sakliste til årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling.
2. Konstituering – valg av dirigent, referent og to til å skrive under årsmøteprotokollen.
3. Årsmelding 2010. Lagt ved innkallingen.
4. Regnskap og revisjonsberetning 2010. Lagt ved innkallingen.
5. Valg av:
  - Formann - for ett år. Valgmennda foreslår: Kåre Ekroll, 4163 Talgje.
  - Tre styremedlemmer - for to år. De som står på valg, er: Asbjørn Kvalbein, Henry Vestreng og Juel Østereng. Kvalbein og Østereng har frasagt seg gjenvalg.
  - Valgmennda foreslår (i alfabetisk rekkefølge): Kåre Gravem, 2870 Dokka. Hans Aage Gravaas, Oslo, Egil Helland, Oslo, Leif

Hjelleset, Hundvåg og Henry Vestreng, Oslo  
- Gjenstående i styret: Ivar Gjerdi, Torfinn Hovda og Guri Tulluan.

- To vararepresentanter til styret - for ett år. Valgmennda foreslår: De to som ikke blir valgt til styret, blir vararepresentanter.
- Tre medlemmer til valgmennd – for 2011. Styrets forslag: Per Hansen, Harald Harstad, Åge Nevland, Synnøve Spanne.
- Revisor og vararevisor - for 2011. Styret foreslår: Gjenvalg av Svein Vigdal og Bjørn Normann som vara.

NB! Årsmøtet har anledning til å komme med benkeforslag til alle valg, men foreslåtte må være spurt på forhånd.

6. Samtale.
7. Eventuelt.

Hjertelig velkommen til årsmøtet!

Med vennlig hilsen  
Kåre Ekroll, formann  
(Sign.)

**Velkommen også til å være med på festmøtet i TBV-regi i Misjonssalen, søndag 10. april kl. 11.00**

**Tale av:** Gunnar Prestegård

**Sang av:** Charlotte Justnæs og Ingrid Johansen

**Kollekt:** Til misjonen

**Salg:** Etter møtet salg av kaffe & vafler og Bjerkrheim-bøker/CD-er



Styret i TBV



Harald Harstad vil kåsere om sin onkel Trygve B.

## Velkomstgave til nye medlemmer

Alle nye medlemmer av Trygve Bjerkrheims venner får CD-en "Trygve Bjerkrheims BESTE" - med i alt 15 sanger av ulike aktører, gratis som velkomstgave!

Personer som sympatiserer med foreningens målsetting og formål, og som betaler den årlige kontingenten, kan bli medlem av foreningen. Årskontingent: Kr 150 for enkeltpersoner, kr 200 for ektepar. Kontonr.: 3000 25 00015



4440 Tonstad - Tlf. 38 37 01 22

**Vi gir ut bøkene om TB**



LUNDE  
FORLAG

www.lundeforlag.no

**DagenMagazinet**

**Nytt TB-dikt kvar mandag**

# Bjerkrheim-konsertar på Vestlandet

**Etter først fleire Bjerkrheim-konsertar i Stavanger-området og Haugesund, endar turneen opp med konsert under Vossajazzen 17. april – med i alt 70 songarar.**

Det er komponist, muskar og kantor i Vaksdal, Olav Arne Steinkopf, som har tonesett og arrangert Bjerkrheim-tekstar i "jazz-stil" for kor, solistar og band, som blir sunge på desse konsertane.

Denne musikken blei fyrste gong framført på ein konsert i Misjonssalen i Oslo i februar i 2010 og seinare på året i Dale kyrkje. Responsen har vore svært god, og det er no planar om å gi ut musikken på Cantando musikkforlag.

- Musikken er variert og har eit spenn frå latin, swingjazz og funk til rolege, vakre jazzballadar. Nokre songar er nykomponerte, medan andre er nye arrangement på "gamle" melodiar. Jazz og «bedehusmusikk» er nok ein uvanleg kombinasjon, men jazzen med sitt rytmiske driv, improvisasjon og vakre harmoniar, kler tekstane til Bjerkrheim på ein framifrå måte, meiner Steinkopf. Dirigent på konsertane er Tone Synnøve Øygard Steinkopf.

## Konsertane med "Bjerkrheim-jazz" framover:

- Tysdag 29. mars kl. 19.00 i Haga kyrkje, Samnanger.
- Laurdag 2. april kl. 21.00 i Nærbø kyrkje
- Laurdag 2. april kl. 18.00 Hana kirke, Sandnes
- Søndag 3. april kl. 11.00 blir koret med i gudstenesta i Stavanger Frikirke, Betlehem, Hinna



Kantor i Bjerkeim, Tim Rishton

- Søndag 3. april kl. 18.00 i Skåre kulturkyrkje – i samarbeid med "Sildajazzen" i Haugesund

- Søndag 17. april kl. 13.00 på Nain bedehus, Voss, under Vossajazzen

Med på turnéen blir eit kor på 35-40 songarar frå koret Kilden frå Voss, eit prosjektkor fra Samnanger, songarar frå "Fjellhaug vokalensemble" og frå VOK (Voss og omland kantori).

## Andre Bjerkrheim-arrangementer:

- Det blir Trygve Bjerkrheim-kveld i Ryenberg kirke i Oslo søndag 3. april kl. 17. Egil Sjaastad har ansvar for opplegget. Det blir sang av gruppa Quartz og andre musikere, deklamasjon og dramatisering.



Kantor i Vaksdal, Olav Arne Steinkopf

• Onsdag 25. mai 2011 kl 19.30 på Betania Bedehus, Tananger :Takk for songen. Trygve Bjerkrheims liv og diktning. Hans Kristoffer Goa, Odd Dubland, Sven Viste og Espen Samuelsen deltar.

• Søndag 25. september – Bjerkrheim-dag i Bjerkeim. Kl. 16.00: Servering av kaffé og kaker i Bjerkeim bedehus. Historikaren Erik Kjebekk kåserer: Trygve Bjerkrheim og heimbygda. Dikt av TB. Orientering i Trygve Bjerkrheim-stova ved Johan Bjerkrheim. Kl. 19.00: Konsert i Bjerkeim kyrkje. Flere song- og musikk-krefter tek del – blant andre kantor Tim Rishton, som har komponert musikk til flere av TBs dikt.

## Trygve Bjerkrheims ærespris er etablert

**Trygve Bjerkrheims ærespris er no oppretta av Trygve Bjerkrheims venner (TBV).**

**Etter planen vil den første prisen vere utdelt allereide i løpet av året.**

- Med denne prisen ønskjer vi å vidareføre, ikkje berre det Bjerkrheim sjølv skapte, men også hans ånd og idé gjennom andre, seier Kåre Ekroll, formann i TBV.

TBV avgjer til ei kvar til kven som kan få prisen. Det gjeld:

1. Einskildpersonar eller organisasjonar som i vesentleg grad har gjort ein innsats for å ta vare på, skape interesse for, aktualisere, tonesette, framføre og/eller gjere Trygve Bjerkrheim sitt forfatterskap – og særleg songane, kantatene og dikta hans, kjende og tilgjengelege.



2. Kreative og skapande krefter/personar, særleg tekstforfattarar og muskarar/komponistar/tonkunstnarar, som på ein særleg måte har formidla kristen tru, liv og teneste gjennom dikt og songtekstar – i pakt med TBs ideal og åndelege verdiar.

- Vi vonar at denne prisen vil gi eit viktig signal om at TBV ikkje berre er opptekne av å dyrke det gamle, men også ønskjer å inspirere og fremje nyskaping og vidareføring av TBs verdiar og i TBs ånd i ei ny tid, seier Kåre Ekroll.

Han legg til at TBV ser det som viktig å vere med å inspirere kreative og skapande krefter, særleg tekstforfattarar, muskarar og komponistar. Han vonar at prisen vil inspirere fleire – særleg tekstforfattarar, til å ause av den same "kjelda den klare" som TB sjølv auste av – Bibelen, Guds skaparverk og livserfaringa.

- I tillegg trur vi at denne æresprisen vil vere ein god måte til å halde minnet om TB og den arven han etterlet seg, levande, legg Kåre Ekroll til.

# ”Jeg har kommet for å takke...”

I sin bok ”Reservekraft” (Luther Forlag 2003) skriver Tomas Sjødin om et møte med Trygve Bjerkrheim. Han skriver at han bare visste at han måtte møte mannen bak teksten til salmen ”Det er makt i de foldede hender”. Vi gir noen utsnitt av det han skriver fra dette møtet - etter velvillig tillatelse fra forlaget.

Jeg reiste tidlig fra Gøteborg og var fremme i Lørenveien 29 på Sinsen i Oslo ved tolvtiden. Trygves niese åpnet døren og inviterte meg inn. Den lille leiligheten var fylt fra gulv til tak med minner fra et langt og hengivent liv – et liv i ordets tjeneste. Veggene var nesten tapetsert med malerier, diplomer og utmerkelse for tekster og arbeid han hadde gjort. Kong Haralds fortjenestemedalje i gull kjempet om plassen med malerier malt av gode venner. Møblene var enkle: En slitt sofa, et skrivebord ved vinduet, et Viggen-orgel og et hav av bøker.

Trygve satt i sofaen, kledd i dress, skjorte og slips. Han smilte mot meg, tok hånden min sine hender og holdt den lenge, som om han hadde fått tak i noe verdifullt.. jeg satte meg på en krakk foran ham. Samtalen vår kunne ikke bli ordrik. Men vi så mye på hverandre. Jeg vet ikke om jeg noen gang har sett et vakrere menneske.

”Jeg har kommet for å takke deg for en salme,” sa jeg.

Så forteller jeg for den gamle mannen hvordan salmen om de foldede hender gjennom lange perioder har fungert som et vern mot avmakten for oss, hvordan jeg har gått fram og tilbake i huset vårt og hvilt i de ordene han skrev natten mellom 2. og 3. juni 1955. ”Det gleder meg, det gleder meg,” sier den gamle mannen.

Trygve hadde hørt ordene i en preken. ”Den sterkeste stormakten i verden er fronten som består av de foldede hender.” Han skrev ordene ned på bokmerket han hadde i sitt Nytestamente. Om lag ett år senere dukket salmen, helt ferdig, opp fra underbevisstheten. Det var midt på natten. Trygve skrev den rett ut, omtrent som om han tok et diktat.

Etter kaffe og lapper tar vi fram salmebøkene. I den norske kirkens salmebok har Trygve ni salmer. I Misjonssambandets salmebok har han intet mindre enn 99 salmer. De to mest kjente er ”Det er makt i de foldede hender” og ”Han tek ikkje glansen av livet”.

--

Etterpå synger vi. Det er tydelig at vårt møte handler om så uendelig mye mer enn et intellektuelt utbytte. Til tross for at jeg er noen år for sent ute til å kunne gjennomføre en tradisjonell samtale med Trygve,



Trygve Bjerkrheim i hagen på Fredheim, sumarheimen hans i Høland. Foto: Asbjørn Kvalbein

er det ingenting i veien med kontakten vår. Vi synger salme etter salme. Trygve har sangstemmen sin i behold. Jeg aner ikke hvor lenge vi synger. Salmene blir det rommet som gjør det mulig for oss å nå helt fram til hverandre.

Niesen henter en av de små notatbøkene som Trygve har båret i brystlommen. Der har han skrevet ned sine tanker og tekster. Jeg ser i den og gir den så tilbake til Trygve. Han blar litt målløst i den, men stopper plutselig opp og begynner å lese. Eller kanskje man heller skal si resiterer. Stemmen er klar. Han synger nesten ordene:

*Du får koma til Jesus med det som er tungt,  
Med di synd og di sorg og di sut.*

*Du skal vita for visst:*

*Om du kjem som du er,  
Skal han slett ikkje støyta deg ut.*

--

Kanskje denne ene setningen alene sammenfatter budskapet i et brennende liv: Du får komme.

Mange timer senere forlater jeg Trygve. Dette blir trolig vårt eneste møte. Noen få timer sammen med en gammel mann i livets aftenland. Det var alt det var, og likevel vet jeg at jeg kommer til å bringe med meg blikket hans så lenge jeg lever.

**Det arrangeres sangmøter og konserter med TB-sanger flere steder rundt om i landet. Følg med på nettet som stadig oppdateres.**

**[www.bjerkrheim.no](http://www.bjerkrheim.no)**

## Ho siglde so fint inn i hamnen

Ho siglde so fint inn i hamnen,  
og ankra ved himmelens strand;  
for Jesus, han stod der i stamnen,  
og loste ein pil'grim i land.

I livet sin morgon ho valde  
ta losen i båten ombord.  
Då dagane sistpå var talde,  
han sjølv heldt i skipet sitt ror.

Me greier oss ikkje aleine, –  
vår veg er for vågleg til det.  
Men Jesus, den sterke og reine,  
på ferdi vil sjølv vera med.

Ho siglde so fint inn i hamnen, –  
Gud gjev det må òg timast meg!  
Å Jesus, stå alltid i stamnen!  
Eg roret vil gjeva til deg.

1959 – Minnestund Olga Vågen,  
Tormods syster